

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
13.12.11

Arkivsak : 11/915 -
Arkivkode: 111

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	22.11.11	PS 82/11
KOMMUNESTYRET	13.12.11	PS 81/11

EIGEDOMSSKATT 2012

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 22.11.11:

John Martin Dale gjorde følgjande framlegg til vedtak:

”Det vert å innføra eit botnfrådrag på kr 100 000 i samband med eigedomsskatt for 2012.”

Ved avrøysting fekk framlegget 1 røyst (JMD), 6 formenn røysta i mot (K.H, A.K, A.M.F, A.L, B.L, T.A.H)

Det vart sett fram slikt framlegg til vedtak:

”I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det vidareført i 2012 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen for 2012 vert på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2012.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritaken for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritaken etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareførte.

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april/mai og september/oktober.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.”

Ved avrøysting fekk framlegget 6 røyster (K.H, A.K, A.M.F, A.L, B.L, T.A.H), 1 formann røysta mot (JMD)

Etter handsaming i formannskapet ligg det føre slikt framlegg til vedtak:

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 22.11.11:

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det vidareført i 2012 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen for 2012 vert på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2012.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritaken for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritaken etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareførte.

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april/mai og september/oktober.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 13.12.11:

Representanten John Martin Dale sette på vegner av Fremskrittspartiet fram slik framlegg til vedtak:

”Det vert å innføra eit botnfrådrag på kr 100 000 i samand med eigedomsskatt for 2012.”

Representantent Torstein Hatlevik sette på vegner av Venstre fram slikt tillegg til vedtak:

”Kommunestyre må visa kor eigedomsskatten vert nytta i investeringsbudsjettet for 2012.”

Det vart røysta over framlegg frå Venstre. Framlegget fall med 2 røyster (V) for og 19 røyster mot (Ap, Sp, Krf, Frp,H).

Det vart deretter røysta over framlegg frå Frp, framlegget fekk 4 røyster (Frp), 17 representantar røysta mot (Ap, V, H, Sp, Krf).

Til slutt vart det røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak, framlegget vart vedteke med 15 røyster (Ap, H, Sp, Krf) mot 6 røyster (Frp, V).

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.12.11:

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det vidareført i 2012 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen for 2012 vert på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2012.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritaken for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritaken etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareførte.

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april/mai og september/oktober.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.